



## Reglement for Vindafjord integreringsråd

Vedtatt av Vindafjord kommunestyre i møte 21.09.21, sak 053/21.

## 1. Innleiing

Integreringsrådet blir nedsett med heimel i § 5-7 i kommunelova.

**Namn:** Vindafjord integreringsråd (VIR)

## 2. Formål

Integreringsrådet skal sikra medverknad i politiske saker frå innvandrarak busett i Vindafjord kommune. Rådet skal ha særskild fokus på integrering og inkludering. Rådet vil vera eit høyringsorgan for kommunen og ein arena for dialog og samarbeid mellom innvandrarak, politikarak og administrasjonen i Vindafjord kommune. Rådet skal bidra med forslag og nytenking for betring av levekår og deltaking i samfunnslivet for innvandrarak. Rådet skal inspirera innvandrarak i Vindafjord til å delta i den demokratiske prosessen.

## 3. Samansetting

- 1) Integreringsrådet har 5 medlemmar med personlege vararepr.
- 2) Rådets skal bestå av 3 personar med innvandrarakbakgrunn med ulik landbakgrunn og 2 politikarak frå ulike parti.
- 3) Begge kjønn skal være representert i rådet.
- 4) Medlemmane må ha heimeadresse i Vindafjord kommune.

## 4. Val

- 1) Dei 2 politikarane blir bestemt av kommunestyret. Dersom det er fleire enn 2 kandidatar gjennomfører kommunestyret avstemming. Dei valte politikarane bør ha interesse og engasjement for integrering.
- 2) Ein av dei to politikarane blir oppnemnd til leiar av integreringsrådet.
- 3) Dei 3 innvandrarakrepresentantane til rådet blir valde av kommunestyret. Administrasjonen kan bidra i rekrutteringa av innvandrarakrepresentantane. Representantane bør være ressurspersonar inn mot ulike innvandrarakmiljø.
- 4) Rådet konstituerer seg sjølv.
- 5) Val av rådsmedlem følger dei kommunale valperiodane, og medlemmane blir valt for 4 år om gongen. Ved første val vil perioden vara frå oppretting i 2021 til neste val hausten 2023.

## 5. Mandat

- 1) Rådet har rådgjevande mynde. Rådet skal uttala seg i saker som gjeld integrering og inkludering og kan uttala seg i andre saker. Kommunedirektøren må derfor sørge for at rådet blir gjort kjent med alle saker som kan vera aktuelle for rådet. Dersom det er tvil om ei sak bør takast opp i rådet, bør rådet spørjast om det ynskjer å uttala seg i saka. Sakene skal leggast fram for rådet så tidleg som mogleg i prosessen.
- 2) Uttale frå rådet skal følgje saksdokumenta til det kommunale organet som endeleg avgjer saka.
- 3) Rådet kan på eige initiativ foreslå at saker med betydning for spørsmål om integrering og inkludering blir tatt opp.
- 4) Rådet skal bidra med forslag og nytenking for betring av levekår og deltaking i samfunnslivet for innvandrarakar.

## 6. Forretningsorden

- 1) Rådet skal ha minimum fira møter per år. Rådet skal ha møte når leiar krev det og når minst 2 av 5 medlem krev det.
- 2) Rådet er avgjersledyktig når minst halvparten av medlemmane er til stade.
- 3) Ordførar og kommunedirektør kan delta på rådet sine møter med tale- og føreslagsrett.
- 4) Rådet kan etter behov nedsette utval for utredning av bestemte saker.
- 5) Kommunedirektøren stiller sekretær for integreringsrådet.
- 6) Møtegodtgjersle gis etter kommunens reglement for godtgjering til folkevalde.

## 7. Opplæring

Opplæringa av medlemmene i integreringsrådet bør skje så raskt som mogleg etter oppstart. Rådet bør få informasjon og opplæring, slik at medlemmene blir i stand til å ivareta oppgåva som rådsmedlem. Tema som kan inngå i opplæringa er informasjon om offentleg forvaltning, integreringsrådet si rolle, møte med politikarar og administrasjon, forventningar og krav og rettar.

## 8. Årsmelding

Integreringsrådet skal leggja fram årsmelding kvart år. Meldinga bør blant anna innehalda kven som har vore representantar, kva saker som er handsama, kva råd og uttalar som er gitt og kva eigne initiativ rådet har tatt. Rapporten skal innehalda ei vurdering av den påverknadskrafta integreringsrådet meiner det har hatt. Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret.